

CATO LØLAND
Kalvedalsveien 1
5022 BERGEN



Dato: 03.03.2017
Vår ref.: 2016/9494-38
Saksbehandlar: maraskv
Dykkar ref.:

Kontrakt for oppdrag - enkeltpersonforetak

Denne kontrakten er inngått mellom Hordaland fylkeskommune (HFK) og enkeltpersonforetaket (org nr. 994 075 616), CATO LØLAND (heretter kalla Utøvar).

Kontrakten gjeld oppdrag i ein avgrensa periode.

1. OPPDRAGET GJELD

Utøvar som sjølvstendig oppdragstakar vert med dette engasjert av HFK til å medverke som kurator for kunstutstillinga til UKM-festivalen i Hordaland 2017 og skrive vurdering av alle kunstverk (heretter samla kalla Produksjon).

Oppdraget omfattar 1 dag. Dato: 29.april 2017.

Medverkande i Produksjonen er: **Cato Løland**

2. FORDELING AV OPPGÅVER OG ANSVAR

HFK sine oppgåver og ansvar:

- Informere Utøvar om kor mange ungdommar som deltek i kategori «kunst» under UKM-festivalen i Hordaland og kor mange kunstverk av desse deltakarane som vert inkludert i Produksjonen.
- Ordne med lokale til Produksjonen. Lokalet vert Visningsrommet USF.
- Ordne med at alle kunstverk er på plass i lokalet når Produksjonen startar.

Utøvar sine oppgåver og ansvar:

- Utøvar skal medverke i Produksjonen ved gjennomføring.

3. HONORAR (VEDERLAG/UTGIFTSDEKNING)

3.1 Produksjon

Honorar er 3 718 kroner per dag.

I tillegg til honorar vert lokale reise- og opphaldsutgifter dekt av HFK etter statens reiseregulativ.

Utbetaling skjer etter 2.mai, og når HFK har motteke faktura med spesifisert reiserekning som vedlegg. Faktura må sendast innan **fire veker** etter 2.mai. Fakturaen må vere nummerert og datert.

Det vert ikkje betalt feriepengar, løn under sjukdom eller andre tillegg til honoraret.

4. SKADEANSVAR, FORSIKRING

Utøvar er ikkje tilsett som lønsmottakar i HFK og vert ikkje omfatta av dei forsikringsordningar som gjeld for tilsette i HFK.

5. SJUKDOM

Sjukdom hos Utøvar som oppstår før og/eller under oppdraget vert å melde til HFK omgåande sjølv om kontraktperioden ikkje har starta.

6. AVLYSING

Både oppdragsgivar og den medverkande plikter å gjere det mogleg for at oppdraget vert gjennomført.

Dersom Produksjonen må avlysast på grunn av fråfall frå ein eller fleire medverkande, for eksempel ved sjukdom eller andre uførutsette grunner, kan oppdragsgivar seie opp heile eller deler av avtalen med 14 dagars frist rekna frå den dagen oppseiinga er komet oppdragstakaren i hende.

Kontrakten er sendt ut i to eksemplar. Kontraktspart signerer og sender eitt eksemplar i retur til:

Hordaland fylkeskommune, Kultur- og idrettsavdelinga, UKM Hordaland v/ Marianne Ose Askvik, Postboks 7900, 5020 Bergen

Stad/dato:

Hordaland fylkeskommune
Kultur- og idrettsavdelinga



.....
Ronny B. Skaar
utviklingssjef/seksjonsleiar

Stad/dato: *Bergen 17.04.17*
.....
(kontraktspart)



.....
Cato Løland

Fakturaadresse:

Hordaland fylkeskommune
Kultur- og idrettsavdelinga
UKM Hordaland v/ Marianne Ose Askvik
Postboks 7900
5020 Bergen

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

- 1 Kontrakt for oppdrag - enkeltpersonføretak